



---

## Notat

---

Til: Jarle Landås

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Silje Haukedal  
Vår referanse: 18/391 - 11 / Gbnr - Radøy, FA - L42  
Dato: 21.06.2018

---

### Emne: Byggesak - Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminner - Radøy - merknadar Nøtlevågen

Rådmannen synar til motteke merknad om manglande varsling av grunneigarar i Nøtlevågen. Merknaden er frå Johannes Skartveit Dale, som skal overta eigedomen gbnr. 72/1 i framtida. Merknaden er todelt og første del går på manglande varsling av grunneigarar og andre delen om det er valt riktig areal som det leggjast ned mellombels byggje- og deleforbod for.


#### Manglande varsling

Administrasjonen ser at det ved ei inkurie ikkje er varsla alle eigedommar som ligg innafor arealet som blir ramma av det mellombelse byggje- og deleforbodedet. Orsaka til dette er at når område vart teikna ikkje har blitt fanga opp i kartet at arealet strekk seg over fleire eigedommar.

Eigedomane som er varsla er gbnr. 72/5 og gbnr. 69/4 vist i kartutsnitt under:



Eigedomane som skulle vera varsla men som ikkje er det er: gbnr. 72/1, 72/2, 72/9, 73/4, 73/3 samt Radøy kommune som eigar av vegen. Eigedomane er markert i kartutsnittet under.



Kartutsnittet visar kva område som er omfatta av det mellombelse byggje og deleforbodet.

Manglande varslings er i sakshandsamingsfeil etter forvaltningslova.

#### **Arealet som er omfatta**

Følgjande kjem fram av merknaden knytt til arealet som er varsla:

Er det valgt riktig utstrekning av område nr.15 Nøtlevågen?

Formålet med byggesaken er å sikre at tiltakene som i den nye kulturminneplanen er i verneklasse A ikke blir revet eller bygget om. I Nøtlevågen er naustene som er ligger på eiendom 69/4 og meieriet som ligger på eiendom 72/5 i verneklasse A. Jeg kan da ikke skjønne hvorfor område som det skal være bygge- og deleforbud på må strekke seg utover eiendommene hvor kulturminnene befinner seg for å sikre mot at tiltakene i verneklasse A ikke blir revet eller bygget om.

Hva ligger til grunn for vurderingen av utstrekningen av område nr.15? Andre områder med samme formål i samme byggesøknad kan en se har en liten eller ingen utstrekking utover område hvor tiltaket som er i verneklasse A befinner seg.

---

Nøtlevågen er eit meierimiljø i Radøy som etter Kulturminneplanen for Radøy 2017-2027 er lagt til verneklasse A.

Som det kjem fram av Kulturminneplanen bør det i tillegg til bygningane leggjast omsynssone rundt isrenna, stemma og stemmegarden. Området som strekkar seg opp frå naustområda er nettopp desse tiltaka.

Sjå utdrag frå kulturminneplanen:

### *Nøtlevågen*



Nøtlevågen (gbnr. 72/5 og 69/4) er det mest komplette og best bevarte meierimiljøet i kommunen.

Nøtlevåg meieri vart etablert i 1896 som første meieri på Radøy. Dei sette opp meieribygget i Nøtlevågen, men dette vart for lite og nytt bygg vart sett opp i 1916. Nøtlevåg handelslag flytta inn i meieribygget i 1920. I Nøtlevågen ligg også ishuset og

pakkhuset som høyrde til meieriet, samt fleire godt bevarte naust.

Området, som ligg ved Den indre farleia, bør inn som omsynssone i kommuneplanen. Omsynssona bør også omfatta isrenna, stemma og stemmegarden. Det bør setjast opp kulturminneskilt i området.

Området som det er varsla mellombels byggje- og deleforbod for, i vente på omsynssone i kommuneplanen, er dermed heilt i tråd med det som kjem fram av Kulturminneplanen for Radøy 2017-2021.

Sjølv om manglande varsling er ei sakshandsamingsfeil finn Rådmannen at feilen ikkje har verka inn på resultatet i saka, jf. forvaltningslova § 41.

Rådmannen helt fast på at det leggjast ned mellombels byggje- og deleforbod i tråd med saksframleggjet.

Dersom Kommunestyret finn at dei ikkje kan vedta mellombels byggje- og delforbod på grunn av manglande varsling anmodas det om at det blir vedtatt mellombels byggje- og deleforbod på alle andre eigedomar, inkludert på gbnr. 72/5 og gbnr. 69/4 som er varsla i Nøtlevågen.